



Stavanger
kommune

FINNØY SKULE

- eit veksthus for fagleg og sosial læring



MEDBORGARSKAP OG SOSIAL KOMPETANSE SKULEÅRET 2025-2026

RESPEKT - LÆRINGSGLEDE - MANGFALD - TRYGGLEIK

INNLEIING

I opplæringslova si formålsparagraf står det at “elevane skal utvikle både kunnskap, dugleik og handlingar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet” og i stavangerskolen sin strategi for kvalitet *Stavangerskolen mott 2025 står det:*

“For å kunne være en god medelev og medborger må elevene være seg bevisst på egne handlinger, gjennomføre eget arbeid og utvikle motivasjon og utholdenhet - også når de møter motgang og utfordringer. Evnen til å kunne stå i krevende situasjoner og til å håndtere egne følelser er viktig for den enkelte for å kunne fungere i fellesskapet. Elevene skal oppleve å høre til og være en betydningsfull person i et fellesskap hvor de stiller opp for hverandre når de trenger det. de har i tillegg både en rett og en plikt til å bidra til en bærekraftig utvikling av samfunnet”.

Denne planen vil vi vise korleis me på Finnøy skule jobber med kunnskap, dugleik og haldningar for at elevane skal kunne meistre liva sine og delta i arbeid og fellesskap. For å bli ein god medborgar må elevane vere bevisste på eigne haldningar, kunne gjennomføra eit arbeid og utvikla motivasjon og uthaldenheit.

På Finnøy skule har me mange tiltak for å fremje fellesskapet, arbeida med haldningar og gjere elevane meir robuste slik at dei blir meir rusta til å delta i samfunnet, som ein god medborgar. Denne planen skal systematisere desse tiltaka og gjere det enklare å kunne setja seg inn i arbeidet vårt, både for elevar, føresette og tilsette.

Planen inneheld eit årshjul for arbeid med sosial kompetanse

Bente Tjelta

Rektor, Finnøy skule

1. august 2025

INNHALD

- Folkehelse og livsmeistring, FOL-timen
- Felles aktivitetar i skulen
- Fadderordning
- Klasse- og elevråd
- Klasseleiing
- Trivselsleiarar
- Trinnansvar
- Årshjul for sosial kompetanse



FOLKEHELSE OG LIVSMEISTRING, FOL-TIMEN

“Folkehelse og livsmestring som tverrfaglig tema i skolen skal gi elevene kompetanse som fremmer god psykisk og fysisk helse, og som gir muligheter til å ta ansvarlige livsvalg. Livsmestring dreier seg om å kunne forstå og å kunne påvirke faktorer som har betydning for mestring av eget liv. Temaet skal bidra til at elevene lærer å håndtere medgang og motgang, og personlige og praktiske utfordringer på en best mulig måte.”

Overordna del i LK 20

På Finnøy skule har me organsiert timeplanen slik at alle elevane har ein time i veka som er via folkehelse og livsmestring. I denne timen jobbar ein med sosial kompetanse som bidrar til å fremje god psykisk helse, til at elevane handterer medgang og motgang, til å gi elevane større sjangs til å ta gode val, til fellesskap og å bli ein betre medelev og medborgar.

På Finnøy skule betyr det at timen inneheld ulike tiltak:

- Klasseråd
- “God morgon, Finnøy!”
- Link til livet. Ein nettressurs til arbeid med livsmestring
- Andre ressursider/litteratur/film/mm som passar til dei ulike temaa.



FELLES AKTIVITETAR I SKULEN

«Tiden vi tilbringer sammen er den mest dyrebare vi har»

Kong Harald V

Finnøy sentralskule er opptatt av å gi barna og ungdommane ein kjensle av å høyra til på skulen og gi dei opplevingar som understrekar dette. På desse dagane/samlingane, som er nemnt under, legg vi vekt på å bygge relasjonar, både i klassen og på tvers av klassar og trinn. Vi har fokus på at alle skal føle seg som ein del av eit fellesskap og at dei alle er med på å bidra til at dette fellesskapet skal bli best mogleg. Aktivitetane er knytt opp mot mål i læreplan for fag.

Felles skuletur på hausten for heile skulen

Skulen brukar nærmiljøet aktivt og ynskjer at elevane blir kjent med kommunedelen Finnøy.

- Vi veksler på å gå til Vestbøvarden, tur på Talgje, Ørnareiert på Fogn og Landasteinen på Finnøy.
- Vi går trinnvis, saman med fadderklassen
- Alle har med seg eigen grillmat om dei ynskjer det.
- Dei eldste elevane har med ved og passar på bålet
- Trivselsleiarane og/eller elevråd organiserer leiker
- Administrasjonen har ansvaret for organisering av turen

Idrettsdag/aktivitetsdag på tvers av trinn

- 1.-4. trinn på hausten
- 5.-7. trinn på hausten
- 8.-10. trinn på våren
- Ein gruppe lærarar er ansvarlege for organiseringa
- Dei vaksne blir fordelt på postar.
- Elevane blir delt inn i grupper både trinnvis og på tvers av trinn

Abeldag

- 5.-7. trinn
- Ein gruppe lærarar har ansvar for organiseringa
- Elevane blir delt i grupper på tvers av trinn
- Fokus på praktisk matematikk og meistring for alle elevar

Solidaritetsaksjonar

- Dette er skolen sitt bidrag til å hjelpe andre i og utenfor vårt eige land.
- 1.-4. trinn har aksjonsdag knytt til FN dagen og TV-aksjonen. Støtta går til TV-aksjonen
- 5.-10. trinn har aksjonsdag siste torsdag før vinterferien. Støtta går til Cochabambabarn i Bolivia eller Med hjerte for India. To lokale prosjekt. Rullerer etter tre år.

- Skolen inviterer både familie og venner til dagane
- Solidaritetsaksjonane er svært tradisjonsbundet og sett solidaritet og fellesskap høgt

Litteraturveke

- Alle trinn deltek
- Blir gjennomført ei veke i september/oktober
- Leiinga har ansvar for besøk av forfattar, lesegleder e.l.
- Alle fag blir inkludert i litteraturveka
- Nokre oppgaver går på tvers av trinna

Leselystprosjekt

- 5.-7. trinn
- Blir gjennomført i januar
- faste opplegg/tema trinnvis

Sykkeldag

- 5.-6. trinn
- Blir gjennomført på våren
- fast opplegg på tvers av trinna

Skidag

- Anna kvart år drar 6. og 7. trinn på skitur til Gullingen

Ryddedag

- Alle trinn deltek
- Blir gjennomført i byrjinga av mai
- Trinna får faste ruter som dei skal gå

God morgon Finnøy

- Morgonsamling for alle trinn kvar månad
- Leiinga har ansvar for samlinga
- Eit trinn/klasse deltek kvar gong, rullering
- Fast program
 - Felles sang
 - Tema frå plan for sosial kompetanse, med elevinnslag
 - Nyheiter - "Finnøy nytt"
 - Kåring "den gylne kost"

FADDERORDNING

«å være en god fadder er å være en trygg havn i ukjent farvann»

Elevane på Finnøy ule er organisert i faddergrupper, der eldre elevar har ansvar for yngre elevar.

Noko av tida på skulen blir organisert slik at dei store hjelper og er saman med dei små. Dette kan vera både inne i klasserommet, ute på tur eller i friminutta. Første møte med fadrane skjer på våren når førskulebarna kjem på besøk og ute på tur med

6. trinn er fadrar for 1.trinn.

7. trinn er fadrar for 2. trinn.

8. trinn er fadrar for 3. trinn

9. trinn er fadrar for 4. trinn

10. trinn er fadrar for 5. trinn


5. trinn blir førebudd til fadderoppgåver.

Faste aktivitetar:

- 5. trinn er med førskulebarna på tur i.....
- 5. trinn leiker med førskulebarna på førskuledagen
- 5. trinn lagar presentasjon/velkomstbrev til førskulebarna
- 6. trinn er i lag med fadderbarna på "Tomatløypa"
- På skulen sin hausttur går fadderklassen med sine fadderbarn
- 6. trinn og 1. trinn går i lag i luciagog

Forslag til aktivitetar:

- Store les for små
- Leik og aktivitetar i friminutta
- Tur
- Skulehage
- Læringspartner i fag



ELEVRÅD

“Skolen skal sørge for at elevane (...) får vere med på å planleggje, gjennomføre og vurdere verksemda til skolen, mellom anna arbeidet med skolemiljøet, kvalitetsutvikling i opplæringa og fastsetjinga av skolereglar. Elevane skal ikkje delta i behandlinga av saker som er omfatta av lovfesta teieplikt..

Skolen skal leggje til rette for at alle elevane skal kunne ytre seg, og oppmuntre dei til å delta i skoledemokratiet. Skolen skal også hjelpe elevane i arbeidet med skoledemokratiet.”

Opplæringslova §10-4

På Finnøy skule har elevane medråderett gjennom elevrådet, som er i tråd med stavangerskulen sine retningslinjer. Gjennom elevrådet får elevane ytret sine meiningar om skulemiljø, organisering og anna. De har i tillegg eit medansvar i forhold til å jobbe med eit godt og trygt skulemiljø.

Me har elevråd for barnetrinnet der 4.-7. trinn deltek. Ungdomstrinnet har eige elevråd. Ein av dei tilsette på skulen organiserer arbeidet rundt elevrådet.

Avdelingsleiar for 1.-4. trinn samlar elevar frå 1.-3. trinn til eit minielevråd nokre gonger i året.



TRIVSELSLEIARAR

“Aktivitet i friminutta gir auka trivsel og glade barn”

På Finnøy skule er elevane trivselsleiarar i friminutta. Ein vel 4 trivselsleiarar pr klasse for 4.-7. trinn.

LEIRSKULE

På Finnøy skule reiser 8. trinn på leirskule til Gullingen vinter/tidleg vår

TRINNANSVAR

På Finnøy sentralskule har alle trinn sine oppgåver i tillegg til at dei har ansvar for å halda det pent og ryddig på sine arealer, i garderobene og ute.

Alle trinn har og ansvar for å rydde i skulegarden, ca 5 veker per skuleår. Dette er fordelt i skulen sitt årshjul og blir informert om på vekeinfo

1. trinn	<ul style="list-style-type: none">● Halda orden i gangen utanfor SFO● Lucia● Storsamling
2. trinn	<ul style="list-style-type: none">● Rydda inn uteleikene på nytt leikeområde, etter siste friminutt● Storsamling● Adventsamling●
3. trinn	<ul style="list-style-type: none">● Rydda i utstyrsboden.● Storsamling● Tur til Fiolen● Adventsamling
4. trinn	<ul style="list-style-type: none">● Syng for dei nye 1.klassingane på førskuledag● Storsamling● Påskesamling● Vikingfestival
5. trinn	<ul style="list-style-type: none">● Påskesamling

	<ul style="list-style-type: none"> ● Storsamling ● Fadderoppgåve på førskuledag ● Sykkelgården i Sandnes
6. trinn	<ul style="list-style-type: none"> ● Julegudsteneste ● Fadderoppgåver ● Rydde og halda orden på skulekjøkkenet ● Storsamling (september) ● Lucia (saman m/ 1. trinn)
7. trinn	<ul style="list-style-type: none"> ● Melkeutdeling ● Fadderoppgåver for 2. trinn ● Kom prosjekt ● Ansvar for blomsterbed. Sette løk og luke ● Storsamling ● Kvitsøytur ● Adventsamling
8. trinn	<ul style="list-style-type: none"> ● Julegudsteneste ● tur til Talgje (haust) ● leirskule
9. trinn	<ul style="list-style-type: none"> ● Rydda og halda orden på skulekjøkkenet ● (Ansvar for blomsterbed. Sette løk og luke) ● Uke sex ● 10. klasse fest ● sykkeltur til Sjernarøy (haust)
10. trinn	<ul style="list-style-type: none"> ● 10. klasse musikal ● Evjetur ● Juleball ● tur til Bandåsen (haust)
Mini-elevråd	
Elevråd 4.-7. trinn	<ul style="list-style-type: none"> ● Pynte juletre ● Grilling før sommarferien ● Utdeling av peparkaker og gløgg
Elevråd 8.-10. trinn	<ul style="list-style-type: none"> ● Grilling på idrettsdagen ● Utdeling av peparkaker og gløgg

SFO	<ul style="list-style-type: none">• Rydde inn klede og leiker som ligg igjen etter skuleslutt• Halda orden i gløynde klede
-----	---

ÅRSPLAN FOR SOSIAL KOMPETANSE

På Finnøy skule jobbar me kontinuerleg med sosial læring og utvikling, gjennom arbeid med fag og i skulekvardagen elles. Alle trinn har ein time i veka der ein har fokus på sosial læring og det tverrfaglege temaet folkehelse og livsmeistring. Me kallar timen for FOL. Arbeid med sosial kompetanse er systematisert i eit årshjul der ein har eit ekstra fokus på ulike ferdigheiter for kvar månad

AUGUST	EMPATI
SEPTEMBER	EMPATI
OKTOBER	RESPEKT
NOVEMBER	SAMARBEID
DESEMBER	SAMARBEID
JANUAR	NETTVETT
FEBRUAR	ANSVAR
MARS	SJØLVKONTROLL
APRIL	SJØLVHEVDING
MAI	FRAMSNAKKING
JUNI	FRAMSNAKKING

AUGUST OG SEPTEMBER: EMPATI

Empati er evnen til å sette seg inn i og vise respekt for andre sine følelsar og synspunkt:

- Gjenkjenne og skille mellom egne og andre sine følelsar
- Sjå situasjonen frå den andre sin ståstad, kunne lytte og ta omsyn
- Vise omtanke og respekt for andre sine følelsar og synspunkt
- Rose andre og glede seg over andre sine prestasjonar

Songar:

En venn:

https://www.youtube.com/watch?v=YwUg_l3gY4E&list=RDV1AUUMdP31g&index=4

Vi- sangen:

<https://www.youtube.com/watch?v=zYVvHzzHzAc&list=RDzYVvHzzHzAc&index=1>

Det er godt å ha någen https://www.youtube.com/watch?v=pSd_vMUwpBk

I've Got Peace In My Fingers: <https://www.youtube.com/watch?v=5UhXG2Sk1I8>

Jeg heier på deg: https://www.youtube.com/watch?time_continue=36&v=-12oFciJSFY

BlimE dansen

Etter 2. trinn

Mål	Kjenneteikn på måloppnåing	Aktivitet - Korleis nå målet
1. Eg kan vere ein god venn	- Eg kan hjelpe andre - Eg lytter når andre snakkar - Eg trøyster andre om dei er lei seg	- Bli kjent aktivitetar - Lærer må opptre forutsigbart, med klare og tydelige regler og rammer. Autoritativ lærer. - Lærer må være eit godt forbilde.
2. Eg kan vere ein god medelev	- Eg kan seie fine ting om og til andre - Eg kan inkludere andre i leik og oppgåver - Eg kan seie unnskyld dersom eg har gjort noko galt - Eg kan sjå på kroppsspråk og ansiktsuttrykk når nokon er lei seg - Eg seier i frå til ein vaksen om nokon blir erta	- Sosial kompetanse frå Malimo. - Smart oppvekst: http://smartoppvekst.no/wp-content/uploads/2016/10/Lekhefte.pdf - Hei- spelet. - "Være venner" - nrk - Fuelbox for barnetrinnet. - Rollespel - FOL time og LINK til livet - Litteratur eks: Bella og Gustav, - Bruke Teddy og handdukker - Speleliste på Kor Arti: Sosial kompetansesangar - Øve inn BlimE-dansen til fellesdans - Teikning, K&H

Etter 4. trinn

Mål	Kjenneteikn på måloppnåing	Aktivitet - Korleis nå målet
1. Eg kan ta omsyn til andre	- Eg kan sjå og forstå dei andre i gruppa - Eg lytter når andre snakkar - Eg ler ikkje av andre når noko gjer ein feil	- Lærer må være ein god rollemodell. - Oppgåver Malimo - Rollespel - Lese bøker
2. Eg kan		- Diskutere i grupper

sette meg inn i andre sin situasjon	<ul style="list-style-type: none"> - Eg kan seie i frå utan å såre - Eg godtek om andre seier i frå når eg gjer ting dei ikkje likar - Eg trøster andre - Eg kan gi hjelp og støtte - Eg kan dele med andre - Eg kan inkludere andre - Eg kan gi andre ros - Eg kan vise tydelig at eg bryr meg om andre. - Eg kan gjenkjenne ansiktsuttrykk og kroppsspråk hos andre 	<ul style="list-style-type: none"> - Gruppearbeid - Læringsmiljøsenderet sine nettsider - Læringspartner - Bruke optiske illusjonsbilder på nettet. - Hemmeleg ven - Tallerken på ryggen - Sånn er jeg, og sånn er det (NRK- Super) - FOL time med LINK til livet - Teikning, K&H
-------------------------------------	--	--

Etter 7. trinn

Mål	Kjenneteikn på måloppnåing	Aktivitet - Korleis nå målet
<p>1. Eg kan setje meg inn i kva andre tenkjer, føler og erfarer.</p> <p>2. Eg kan respektere og godta at andre er annleis enn eg</p> <p>3. Eg veit at ein sak kan ha fleire sider</p>	<ul style="list-style-type: none"> - Eg lytter når andre snakker - Eg kan forstå når andre har det vondt og prøver å hjelpe - Eg er ein god ven som gir ros og inkluderar andre - Eg kan forklare kva eg føler og grunngje kvifor - Eg kan respektere andre sin måte å vere på, klede, religion, status og korleis dei ser ut. - Eg forstår at man kan ta ulike val i ulike situasjonar - Eg kan seie unnskyld på ein respektfull måte - Eg kan sjå ein sak frå fleire sider - Eg er bevisst på min eigen stemmebruk og mitt eige kroppsspråk - Eg kan diskutera noko eg er ueinig i utan å starte ein krangel - Eg kan gjenkjenne konsekvensar før handling 	<ul style="list-style-type: none"> - Bli kjent aktivitetar - "Være venner" - nrk - Opplegg og film frå UDIR - Lions quest - Mitt valg - Steg for steg - Rollespel - songar, litteratur - FOL time med LINK til livet - Lik meg" NrK super - Knyte opp til kapittel "bestemme saman" og "berre eg er eg" i samfunnsfag - Skrive tekst med empatisk handling

Etter 10. trinn

Mål	Kjenneteikn på måloppnåing	Aktivitet - Korleis nå målet
1. Gjenkjenna og skilja mellom egne og andre sine følelsar / kjensler.	<ul style="list-style-type: none"> - Eg kan diskutere ulike tema utan å krangle - Eg veit at mitt kroppsspråk og stemmebruk kan påverke andre - Eg har forståing for at me er ulike og syner respekt for det - Eg seier frå til dei vaksne om nokon fell utanfor eller blir plaga 	<ul style="list-style-type: none"> - Trene på turtaking - Rollespill/situasjonsbetinget - Trene på å tolke ansiktsuttrykk/kroppsspråk - Utval frå t.d. "mitt valg" - Uke 6 - Samarbeid med helsesjukepleiar

<p>2. Sjå situasjonen frå andre sin ståstad, kunne lytta og ta omsyn</p> <p>3. Visa omtanke og respekt for andre sine kjensler og synspunkter</p> <p>4. Rosa andre og gleda seg over andre sine prestasjonar</p>	<ul style="list-style-type: none"> - Eg set meg inn i korleis andre har det - Eg ser ei sak frå to sider - Eg kan gleda meg når andre lukkast. - Eg forstår skilnaden på eit uhell og når noko er gjort med vilje. - Eg seier positive ting om andre. - Eg trøystar når nokon er lei seg - Eg kan setja ord på kjenslene mine - Eg er hjelpsam mot vaksne og born - Eg seier unnskyld om eg har gjort noko galt - fortel når eg er glad for noko 	<ul style="list-style-type: none"> - Bruk av nettsider og apper - "Tallerkenaktivitet" (Komplimenter) - Gruppearbeid/Case - Art liknande aktivitetar - Case om kvifor det er lurt å innrømme sine feil, og beklage. - Elevane fortel kort om ein gong dei fekk skryt, og faktisk trudde på det. Kva gjorde det med dei? - Sokrates skole - Klasseråd / planlegging / TL - FOL time og LINK til livet
--	--	---

OKTOBER: RESPEKT

Respekt er å vise omsyn til oss sjølv, andre, våre egne og andres ting og dei som bestemmer

Songar:

<https://www.youtube.com/watch?v=jw3g6YXV1Pw>

<https://tv.ukm.no/fylke/rogaland/2019/13931-Frida-Adele-Solsvik-Tjelta/>

Stopp, ikkje mobb! Kor Arti

Etter 4. trinn

Mål	Kjenneteikn på måloppnåing	Aktivitet - Korleis nå målet
1. Vise respekt for elevar og vaksne på skulen	<ul style="list-style-type: none"> - Eg lytter når andre snakker - Eg seier god morgon og hei til alle på skulen - Eg kan seie fine ting til andre - Eg kan lytte til andres meiningar - Eg kan vente på tur/turtaking 	<ul style="list-style-type: none"> - Lærer legger til rette for at læringsmiljøet fremmer kommunikasjon og oppleves trygt, slik at elevene får ytre egne meiningar. - Me helsar på kvarandre kvar morgon - Rollespel - leik og spel
2. Akseptera at folk er ulike, har ulike meiningar og verdiar	<ul style="list-style-type: none"> - Eg forstår at andre kan ha andre meiningar enn meg. - Eg tek omsyn til andre - Eg kan vise med kroppsspråket mitt at eg er ein aktiv lyttar - Eg forstår at andre kan ha andre meiningar enn eg, og eg kan argumentera sakleg for egne synspunkt 	<ul style="list-style-type: none"> - Speleliste på kor arti: Sosial kompetansesongar. - Diskusjonskort <ul style="list-style-type: none"> ● IGP ● Fuelbox ● Skrive argumenterende tekster og munleg fremlegg. ● Diskutere samfunns spørsmål, nyheter, politikk.
3. Eg kan ta vare på mine egne og andre sine ting	<ul style="list-style-type: none"> - Eg passar på tinga mine, andre sine ting og skulen sine ting - Eg spør alltid om å få låne ting av andre før eg tek noko 	<ul style="list-style-type: none"> - Sjå på og diskutera skulen sine skulereglar og laga egne klassereglar (august) - Trena på å låne, spørje fint (rollespel) - Laga gode rutiner for å oppbevare tinga og gode rydderutiner
4. Eg rettar meg etter dei som bestemmer	<ul style="list-style-type: none"> - Eg høyrer på det dei vaksne sier og rettar meg etter det - Eg kan følgje skulen og klassen sine reglar 	<ul style="list-style-type: none"> - Snakka om kven som bestemmer t.d. klasseråd, lærar, rektor, skulesjef o.l. - FOLtime med link til livet

Etter 7. trinn

Mål	Kjenneteikn på måloppnåing	Aktivitet - Korleis nå målet
1. Eg kan opptre omsynsfullt og utvikle medvit om egne haldningar	<ul style="list-style-type: none"> - Eg kan akseptera og visa forståing for ulikskap, ulike meiningar, haldningar, og livssyn - Eg kan inngå kompromiss - Eg kan diskutera og sjå ein sak frå fleire sider - Eg tek vare på mine egne ting - Eg tek vare på andre og skulen sine ting 	<ul style="list-style-type: none"> - Me helsar på kvarandre kvar morgon og når det kjem nye vaksne inn i klasserommet. - "Sånn er jeg, og sånn er det" - Nrk super, - Oppgåver frå Lions quest - Mitt valg - ARTliknande oppgåver - RePULSE kurs etter behov
2. Eg viser		

<p>interesse for andre</p> <p>3. Eg tek vare på mine egne og andre sine ting</p> <p>4. Eg rettar meg etter dei som bestemmer</p>	<ul style="list-style-type: none"> - Eg spør før eg lånar noko av andre eller skulen - Eg høyrer på dei vaksne og rettar meg etter det som er bestemt - Eg kan følgje skulen og klassen sine reglar 	<ul style="list-style-type: none"> - "Enig-uenig" oppgåver i krle - Debatt/rollespel - Gode rutiner for rydding og oppbevaring av ting - Klasseråd, elevråd - FOLtime med LINK til livet - Klassereglar - Samtale om kven som bestemmer, klasseråd, elevråd, lærar, rektor, skulesjef mm og kva ansvar me har
--	--	--

Etter 10. trinn

Mål	Kjenneteikn på måloppnåing	Aktivitet - Korleis nå målet
<p>1. Eg kan respektera kvarandre som likeverdige, og syne toleranse gjennom ord og handling.</p> <p>2. Eg kan opptre ansvarleg i alle samanhenhar i og utanfor skulen</p> <p>3. Eg kan akseptera at folk er ulike, har ulike meiningar og verdiar</p> <p>4. Eg er stolt av skulen min og tek vare på den</p>	<ul style="list-style-type: none"> - Eg tek omsyn til mine medelevar. - Eg syner positiv haldning ovanfor andre. - Eg inkluderer andre i samtale, og spør om deira meining - Eg held orden i sakene mine - Eg spør før eg lånar noko av andre eller skulen - Eg er høfleg, syner respekt for alle og er til å stole på - Eg snakkar fint om skulen - Eg fortel om eg har vore uheldig å øydelagt noko, og ordnar opp med vaktmeister 	<ul style="list-style-type: none"> - Me helsar på kvarandre kvar morgon - Me reiser oss å helsar på nye vaksne som kjem til klasserommet - Me har det ryddig i klasserommet og gode rutiner for handtering og oppbevaring av ting - Samtale om kven som bestemmer, klasseråd, elevråd, lærar, rektor, skulesjef mm og kva ansvar me har - Klassereglar - Klasseråd/elevråd - Rollespel - FOLtime med LINK til livet - Prosjekt/debatt

NOVEMBER OG DESEMBER: SAMARBEID

Samarbeid inneber å dele med andre, hjelpe andre og vere gjensidig avhengig av kvarandre

- Kunne vise omsyn og vere høfleg
- Kunne samarbeide om felles oppgåver og arbeide mot felles mål
- Kunne følgje reglar og beskjeder

Songar:

Samarbeidssong for dei yngste: <https://www.youtube.com/watch?v=Arx4YZLwoGo>

“You'll Never Walk Alone”

Etter 4. trinn

Mål	Kjenneteikn på måloppnåing	Aktivitet - Korleis nå målet
1. Eg kan vere deltakande i ei gruppe	- Eg kan sitte ved sida av andre å jobbe - Eg tek initiativ i gruppa - Eg ber om noko på ein høfleg måte - Eg kan seie takk	- Trene på gruppearbeid - Samtale om kva samarbeid er - FOLtime med LINK til livet - Uteskule
2. Eg kan arbeide saman med andre for å finne løysingar	- Eg deler med andre og spørje om å få låne av andre - Eg hjelper andre når dei ber om det - Eg inviterer andre med i leiken og kan la andre bestemme	- Frileik med god vaksenstøtte - Arrangere leiker og dele lag - FAL oppgåver - oppgåver i Lions Quest: Det er mitt val
3. Eg kan lytte til andre sine meiningar uten å avbryte.	- Eg toler å tape utan å bli sint - Eg kan vente på tur - Eg kan følgje reglane i leik - Eg kan følgje STOP-regelen - Eg passar på at ingen er åleine	- NrK super: Være venner sesong - Læringspartnar - Klasseråd - Prosjekt, debatt og rollespel - Spel og songar
4. Eg kan godta at andre har andre meiningar enn meg	- Eg deltek aktivt når vi skal planlegge felles aktiviteter - Eg retter meg etter fleirtalsavgjersler - Eg kan fortelje om andre sine synspunkt og meiningar, og stille oppfølgingsspørsmål - Eg kan diskutera og akseptera at andre har andre meiningar enn eg	- TL og andre friminuttsaktivitetar. Trena på leiker - Årshjulsoppgåver som t.d. aktivitetsdag

Etter 7. trinn

Mål	Kjenneteikn på måloppnåing	Aktivitet - Korleis nå målet
1. Eg kan vere deltakande i ei gruppe	- Eg tek initiativ i gruppa og tek ansvar for mine oppgåver - Eg deler med andre og kan spørje andre om hjelp	- Trene på gruppearbeid - Samtale om kva samarbeid er - FOLtime med LINK til livet - Arrangere aktivitetar/leiker og dele lag
2. Eg kan arbeide saman med andre for å finne løysingar	- Eg hjelper andre når dei ber om det - Eg lyttar til andre og stiller spørsmål til det andre forteller - Eg gir positive tilbakemeldingar på andre sitt arbeid	- oppgåver i Lions Quest: Det er mitt val - NrK super: Være venner - Læringspartnar

<p>3. Eg kan lytte til andre sine meiningar uten å avbryte.</p> <p>4. Eg kan godta at andre har andre meiningar enn meg</p> <p>5. Eg kan bruke egne ferdigheiter og kunnskap til å gjere andre gode</p>	<ul style="list-style-type: none"> - Eg kan fortelje om andre sine synspunkt og meiningar, og stille oppfølgingsspørsmål - Eg kan diskutera og akseptera at andre har andre meiningar enn eg - Eg deltek aktivt når vi skal planlegge felles aktiviteter og bidreg til gode, felles løysingar - Eg retter meg etter felles avgjerdsler - Eg inviterer andre med i aktiviteter og leik og kan la andre bestemme - Eg toler å tape utan å bli sint - Eg kan vente på tur - Eg kan følgje reglane i spel og leik - Eg passar på at ingen er åleine 	<ul style="list-style-type: none"> - Klasseråd/elevråd - Prosjekt, debatt og rollespel - Spel og songar - TL og andre friminuttsaktivitetar. Trena på leiker - Kroppsøvingsaktiviteter - "Les og si" læringsstrategi - FAL oppgåver - Årshjulsoppgåver som Abeldag, idrettsdag o.l. - Månadsfest - Fadderordninga
---	--	---

Etter 10. trinn

Mål	Kjenneteikn på måloppnåing	Aktivitet - Korleis nå målet
<p>1. Eg kan arbeide saman med andre for å finne gode løysingar og arbeida mot felles mål</p> <p>3. Eg opptrer respektfullt i samarbeid med andre og kan godta at andre har andre meiningar enn meg</p> <p>5. Eg kan bruke egne ferdigheiter og kunnskapar til å gjere andre gode.</p>	<ul style="list-style-type: none"> - Eg tek initiativ i gruppa og tek ansvar for mine oppgåver - Eg deler med andre og kan spørje andre om hjelp - Eg hjelper andre når dei ber om det - Eg lyttar til andre og stiller spørsmål til det andre forteller - Eg gir positive tilbakemeldingar på andre sitt arbeid - Eg kan fortelje om andre sine synspunkt og meiningar, og stille oppfølgingsspørsmål - Eg kan diskutera og akseptera at andre har andre meiningar enn eg utan å starte ein krangel - Eg deltek aktivt når vi skal planlegge felles aktiviteter og bidreg til gode, felles løysingar - Eg retter meg etter felles avgjerdsler - Eg inviterer andre med i aktiviteter og kan la andre bestemme 	<ul style="list-style-type: none"> - Trena på gruppearbeid - Samtale om kva samarbeid er - FOLtime med LINK til livet - Arrangere aktivitetar og dele lag - oppgåver i Lions Quest: Det er mitt val - Læringspartnar - Klasseråd/elevråd - Prosjekt, debatt og rollespel - Spel og songar - TL og andre friminuttsaktivitetar. - Kroppsøvingsaktiviteter - FAL oppgåver - Årshjulsoppgåver som Samenes dag, idrettsdag o.l.

JANUAR: NETTVETT

Etter 10. trinn

Mål - henta frå <i>Redd barna</i> sine nettvettreglar	Kjenneteikn på måloppnåing	Aktivitet - Korleis nå målet
<p>1. Eg kan vise respekt for andre på nett</p> <p>2. Eg tenkjer meg om før eg deler personlege bilete og opplysningar om meg sjølv og andre</p> <p>3. Eg lagar alltid passord som er vanskeleg å gjette og eg oppbevarer det privat</p> <p>4. Eg veit at det er lett å lyge på nettet, og at ikkje skal tru på alt som andre skriv</p> <p>5. Dersom eg vil treffa nokon eg blir kjent med på nettet tek eg med meg nokon eg stolar på og møter dei på ein offentleg stad</p> <p>6. Eg avsluttar kontakt med andre om eg blir redd eller opplever noko ubehageleg</p> <p>7. Eg fortel til ein vaksen eller ein annan eg stolar på om eg opplev noko ubehageleg på nettet</p> <p>8. Eg veit at det ikkje er min skyld om nokon gjer noko ubehageleg mot meg på nett</p>	<p>Etter 4. trinn</p> <ul style="list-style-type: none"> - Eg er høfleg i samhandling med andre på nett - Eg snakkar/skriv ikkje noko stygt om andre på nett, eg krenkar ikkje andre eller mobber andre. - Eg spør alltid før eg legg ut informasjon og ev bilete av andre på nett - Eg er forsiktig med å leggje ut bilete og informasjon om meg sjølv - Eg deler aldri passordet mitt med andre elevar - Eg veit at ikkje alt som er skrive på nettet er sant - Eg veit at andre barn og vaksne kan lure meg på nettet - Eg møter aldri nokon eg blir kjent med på nettet utan at ein vaksen er med - Eg avsluttar kontakten med andre dersom eg opplever noko ubehageleg eller blir redd, og seier i frå til ein vaksen <p>Etter 10. trinn</p> <ul style="list-style-type: none"> - Eg kan utøve digital dømmekraft som inneber at eg følgjer reglane for personvern og viser omsyn til andre på nett - Eg kan bruke strategier for å unngå uønska hendingar - Eg kan vise evne til etisk refleksjon og vurdering av mi eiga rolle på nett og i sosiale medier. - Eg deler aldri passordet mitt med andre - Eg kan vurdere kritisk det som blir skrive på nettet og veit at andre kan vere ute etter å lure meg. - Eg er forsiktig med å treffa folk eg har blitt kjent med på nettet, eg tek med meg nokon eg stolar på, på ein offentleg stad - Eg avsluttar kontakten med andre om eg blir redd eller opplever noko ubehageleg. Eg blokkerer dei, melder frå til nettstaden og tek kontakt med ein eg stolar på - Eg veit at det ikkje er min skyld om nokon har gjort noko ubehageleg mot meg eller lurt meg på nett. 	<ul style="list-style-type: none"> - Foreldremøte for barnetrinnet der nettvett er eit tema. Bruk av plenum- og gruppesamtalar. (Sjå t.d. Redd barna) - - Undervisningsopplegg: https://www.dubestemmer.no/ - Barnevakten.no - - Undervisningsmaterie ll frå redd barna: https://www.reddbar na.no/vaart-arbeid/barn-i-norge/nettvett/materiell-og-aktiviteter/nettvettfiler - - Eventyrlandet- Film og samtaleopplegg laga av Blå Kors og Barnevakten - Bok om “Barns mediehverdag” Bjørg Marit Nyjordet - FOLtime med LINK til livet - Diskusjonar og refleksjonsoppgåver - Songar og filmar

FEBRUAR: ANSVARLEGHEIT

Ansvarlegheit er når vi tar ansvar for det vi gjer og passar på det vi har.

- Vise respekt for eigne og andre sine ting og arbeid
- utføre arbeid etter beste evne og føresetnad
- Ta ansvar for at alle har det bra

Filmer: <https://vimeo.com/453985517>

<https://www.youtube.com/watch?v=QIKvILggoFO>

Etter 4. trinn

Mål	Kjenneteikn på måloppnåing	Aktivitet - Korleis nå målet
1. Eg kan følge reglar og beskjedar	- Eg veit kva ein regel er - Eg kan følgje skulen og klassen sine reglar - Eg tek ansvar for og har det ryddig i skulesakene mine, på pulten min og på garderobeplassen min	- Lage klassereglar og la dei henge synleg i klasseromme (august) - Snakka om reglar som gjeld fleire gonger i året - Snakka om konsekvensar ved regelbrot
2. Eg viser respekt for mine og andre sin ting og arbeid	- Eg kan sitte stille på stolen/benken/golvet og rekker opp handa når eg vil seie noko - Eg kan stå fint på rekke - Eg kjem fort inn til time - Eg passar på mine og andre sine ting - Eg spør andre om å få låne - Eg hjelper til med å halda klasserom, hyller gang ryddig	- Øva på rutiner som å rydde, låne, gå inn/ut o.l. - Me repeterer/snakker om korlei me vil ha det i vår klasse/på vår skule - Jobbe med "folkeskikk" og det å vere høfleg. - FOLtime og LINK til livet - Songar, filmar og rollespel -Klasseråd
3. Eg kan ta ansvar for mi eiga læring og for min del av fellesoppgåvene	- Eg kan utføre dei oppgåvene eg har fått ansvar for - Eg gjer lekser og skulearbeid innan avtalt tid. - Eg gjer skuleoppgåvene så godt eg kan - Eg kan be om hjelp når eg treng det - Eg kan hjelpe andre - Eg tek ansvar for mine oppgåver i eit samarbeid	
4. Eg kan ta ansvar for fellesskapet.	- Eg tek i mot beskjedar og følgjer dei - Eg ser etter om dei rundt meg har det bra - Eg seier i frå til ein vaksen om eg ser at nokon skader seg eller ikkje har det bra - Eg inviterer andre med i leiken, og dei som spør får vere med - Eg inkluderar nye elevar i oppgåver og leik	

Etter 7. trinn

Mål	Kjenneteikn på måloppnåing	Aktivitet - Korleis nå målet
1. Eg er med på å ta ansvar for å førebu og gjennomføre solidaritetsaksjo	- Eg bidrar til ein knirkefri og kjekk solidaritetsaksjon som genererer mykje pengar til eit godt føremål. - Eg tek ansvar for mine oppgåver - Eg tek ansvar for pengar som blir samla inn - Eg er med å rydder etterpå	God informasjon til elevane. 5. trinn: planlegge og gjennomføre

nen.		aktiviteter, samarbeide godt. 6. trinn: selje lodd på førehand, ta kontakt med bedriftar for å få gevinstar, takke, gjennomføre utlodning 7. trinn: drifter kafeen
<p>2. Eg held orden i mine og skulen sine ting</p> <p>3. Eg tek ansvar for at alle har det bra på skulen og skuleveg</p> <p>4. Eg tek ansvar for skularbeidet og arbeidar effektivt og til rett tid</p> <p>5. Eg kan følgje reglar og beskjedar</p>	<ul style="list-style-type: none"> - Eg ryddar på pulten min etter kvar time og kastar søppel i søppeldunk. - Eg kjem raskt inn til timane. - Eg heng opp klede/gymtøy i gangen. - Eg tek med gymtøy, bøker og anna eg treng på skulen - Eg er med å rydder i fellesarealer, både ute og inne - Eg tek avstand for mobbing og annan krenking - Eg inkluderer andre og behandlar andre med respekt - Eg tek ansvar for at det er ro og orden rundt meg - Eg forstår at det eg gjer kan få konsekvenser for meg sjølv og andre - Eg kan ta ansvar for mi eiga læring - Eg gjer lekser og skularbeid innan avtalt tid - Eg tek min del av ansvaret i prosjekt og gruppearbeid - Eg kan utføre arbeidet utan vaksne til stade - Eg kan jobba samanhengande over tid - Eg følgjer skulen sine reglar og beskjedar - Eg møter presis til timar og avtaler 	<ul style="list-style-type: none"> - Høgt fokus på orden i klassen! - Lærer har fokus på individuell framgang og gir ros - Rollespel, songar og filmar - Samtale og diskusjonar - FOLtime med LINK til livet - TL arbeid - Klasseråd/elevråd - Arbeid med "folkeskikk"

Etter 10. trinn

Mål	Kjenneteikn på måloppnåing	Aktivitet - Korleis nå målet
<p>1. Eg kan følge reglar og beskjedar</p> <p>2. Eg viser respekt for min og andre sin eigeidom og arbeid</p> <p>3. Eg kan ta ansvar for eiga læring og for min del av fellesoppgåver</p> <p>4. Eg kan ta ansvar for fellesskapet</p>	<p>- Eg gjer lekser og skularbeid innan avtalt tid.</p> <p>- Eg møter presis til timar og avtaler</p> <p>- Eg følge skulen og klassen sine reglar</p> <p>- Eg held orden i bøker, sekk og på pulten</p> <p>- Eg passar godt på mine eigne og skulen sine ting</p> <p>- Eg rydder og ordner etter meg når eg har vore ein stad eller brukt noko</p> <p>- Eg tek ansvar for mine fellesoppgåver</p> <p>- Eg kan kome raskt i gang og disponera tida godt</p> <p>- Eg gjer skularbeidet så godt eg kan</p> <p>- Eg tek ansvar i prosjekt og gruppearbeid</p> <p>- Eg viser ansvar, respekt og omsorg på ulike arenaer</p> <p>- Eg ser om andre elevar går åleine og tek kontakt med dei</p> <p>- Eg tek i mot nye gruppemedlem og nye klassekameratar på ein inkluderande og god måte</p>	<p>- Elevsamtale om sosial- og fagleg utvikling</p> <p>- Felles belønning for gode ting i klassen</p> <p>- Debatt og rollespel</p> <p>- FOLtime med Link til livet</p> <p>- Klasseråd/elevråd</p> <p>- Hemmeleg venn</p>

MARS: SJØLVKONTROLL

Sjølvkontroll handlar om å tilpasse seg fellesskapet og ta omsyn til andre

- Vente på tur
- Vere kompromissorientert
- Reagere på erting og kommentarar utan å ta igjen, bli seint eller slåss
- Kunne takle ueinighet og konflikhtar på ein hensiktsmessig måte

Filmar: <https://vimeo.com/453985405>

Etter 4. trinn

Mål	Kjenneteikn på måloppnåing	Aktivitet - Korleis nå målet
<p>1. Eg kan ta kontakt med andre på ein god måte</p> <p>2. Eg kan tilpasse meg fellesskapet og ta omsyn til andre</p>	<p>- Eg helsar hyggeleg på vaksne og barn</p> <p>- Eg seier takk</p> <p>- Eg spør om hjelp om eg treng det</p> <p>- Eg spør om å få vere med på ein ordentleg måte</p> <p>- Eg kan vente på tur i klasserom og ute</p> <p>- Eg kan spørre om hjelp om det er noko eg ikkje forstår</p> <p>- Eg tåler om nokon kjem borti meg</p> <p>- Eg overser dei som forstyrrer</p> <p>- Er respekterer dei som opptre på scenen</p> <p>- Eg kan bruke stoppregelen</p>	<p>- Ha gode rutiner gjennom dagen, morgonmusikk, dagsplan, helsing, god avslutning, gå roleg mm</p> <p>- Snakke om/lære om følelsar</p> <p>- Rollespel</p> <p>- Song og filmar</p> <p>- FOLtime med LINK til</p>

<p>3. Eg kan takle konflikhtar og inngå kompromiss</p> <p>4. Eg kan bestemma over det eg gjer på ein positiv måte</p>	<ul style="list-style-type: none"> - Eg kan seie unnskyld og ta i mot unnskyldning - Eg taklar motgang i spel og leik - Eg seier hyggelege ting til andre - Eg kan tåle at andre bestemmer over meg - Eg kan godta felles avgjersle - Eg kan bli sint utan at eg gjer noko vondt mot andre - Eg kan kontrollera følelsar og temperament - Eg kan velje rett foran galt - Eg kan innrømme feil - Eg kan finne løysingar på eit problem - Eg lyttar til andre sine meiningar - Eg passar på meg sjølv og blandar meg ikkje inn i andre sine saker - Eg klarer å stå imot gruppepress - Eg følgjer reglar i leik og spel 	<p>livet</p> <ul style="list-style-type: none"> - Zippys venner og Det er mitt val - "Være venner" på NRK - Diskusjonstema - Skulereglar og klassereglar - <p>http://smartoppvekst.no/tag/selvkontroll/</p>
---	---	--

Etter 7. trinn

Mål	Kjenneteikn på måloppnåing	Aktivitet - Korleis nå målet
<p>1. Eg kan tilpasse seg seg fellesskap og vise omsyn til andre</p> <p>2. Eg kan takle å vere ueinig og takle konflikter på god måte</p> <p>3. Eg kan utsetje eigne behov og ønskje</p> <p>4. Eg kan uttrykke kjensler på ein god og situasjonstilpassa måte</p>	<ul style="list-style-type: none"> -Eg kan godta at ikkje alle meiner det same som meg -Eg tør å innrømme når eg tar feil -Eg løyser konflikhtar med ord -Eg foreslår nye reglar dersom dei andre ikkje virkar -Eg lyttar til andre sine meiningar -Eg kontrollerar temperamentet mitt -Eg ignorerer når andre irriterar eller provoserer meg -Eg kan innrette meg etter ei felles avgjerd -Eg rettar meg etter korreksjon -Eg gir beskjed til læraren når noko skjer med meg eller andre -Eg brukar ikkje stygge ord -Eg held meg unna slossing -Eg taklar motgang i aktivitetar -Eg lyttar til andre utan å avbryte -Eg stoppar leiken viss andre eller eg ikkje syns det er kjekt lenger -Eg følgjer reglar for leik og spel 	<p><i>"Når man skal ta vare på andre, lærer man å se andres behov"</i></p> <ul style="list-style-type: none"> -Fadderordning i grupper 5.klasse til 1.klasse, 6.klasse til 2.klasse 7.klasse til 3.klasse, 4.klasse førebur seg til fadderordninga med sosiallærer/ helsesjukepleiar/ kontaktlarar -Klasseråd/elevråd Alle elevane må vere med å lage reglar for ulike aktiviteter. T.d fotballbanen, bordtennisbord, -7.klasse- mjølkeansvar -TL-programmet -Gruppearbeid, samarbeidsoppgåver, diskusjonsoppgåver. Gjere elevane trygge på kvarandre. -Dramatisere ulike vanskelege situasjonar som oppstår -Eit klassetrinn kan ha ansvar for blomebed evt bærbuskar -Ryddedag/søppeldag -Idrettsdag -Abeldag -KOM-prosjektet for 7.klasse -Aktivitetsdag i hallen -Rydding i siste friminutt ute. SFO- ryddar leiker og klede etter endt dag.

		-Fol time med LINK til livet -rePULSE for elevar som treng det
--	--	---

Etter 10. trinn

Mål	Kjenneteikn på måloppnåing	Aktivitet - Korleis nå målet
<p>1. Eg kan tilpasse meg fellesskapet og ta omsyn til andre.</p> <p>2. Eg kan takle usemje og konflikhtar på ein hensiktsmessig måte.</p> <p>3. Eg kan utsetje egne behov og ønskje</p> <p>4. Eg kan uttrykke kjensler på ein god og situasjonstilpassa måte.</p>	<p>- Eg er ærleg og tar ansvar for egne handlingar</p> <ul style="list-style-type: none"> - Ikkje bortforklare, skylle på andre og ikkje pynte på sanninga. - Vere modig og stå opp for egne meiningar. - Vere ærleg om egne kjensler. <p>- Eg har kontroll på egne impulsar i og utanfor klasserommet.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Ikkje kommentere utan å ha fått ordet. - Eg kontrollerer mitt eige kroppsspråk og haldning i klasserommet. - Eg vurderer kva eg kan sei, og når og korleis eg seier det. <p>- Eg har orden på min eigen arbeidsplass og mitt arbeidsmateriell.</p>	<ul style="list-style-type: none"> - Ha ein morgonsamling - Plakatar i klasserommet. Elevar lagar plakatar sjølv? - Jobbe med forståing av omgrep - Idèmyldring, skrive ned kva ordet tyder i eiga bok, - Lions Quest - Diskutere case, dramatisere - Korleis vere eit godt publikum - FOLtime med LINK til livet - Skulereglar og klassereglar - Elevsamtaler/-oppfølging

APRIL: SJØLVHEVDING

- Kunne be andre om hjelp
- Kunne ta initiativ og sosial kontakt på ein formålstenleg måte
- Kunne uttrykke egne meiningar og standpunkt
- Kunne uttrykke uavhengighet og vise sjølvinnsikt
- Kunne reagere på andre sine handlingar, bl anna ved å seie nei til noko ein ikkje vil vere med på

Etter 4. trinn

Mål	Kjenneteikn på måloppnåing	Aktivitet - Korleis nå målet
-----	----------------------------	------------------------------

1. Eg er trygg i lag med andre og tør å uttrykke mine meiningar og standpunkt	- Eg tør å seie noko høgt i klassen og kan fortelle om eigne opplevingar og erfaringar - Eg kan seie kva eg er flink til - Eg tør å seie mi meining - Eg tør å vere med på framføringar - Eg tør å vise fram arbeidet mitt til andre - Eg kan snakka med alle på trinnet og tek kontakt på ein positiv måte	- Øve på å ta kontakt, snakke høgt for alle, fremføre mm - FOLtime med LINK til livet - “Det er lov å gjere feil. Av feil lærer me”
2. Eg tek sosial kontakt og initiativ	- Eg spør om andre vil vere med meg - Eg bidrar med oppgåver og i leik - Eg ser på den eg snakkar med, har augekontakt	- Rollespel, songar, filmar - Øve på å delta i ei gruppe, ulike roller
3. Eg tørr å vere meg sjølv	Eg kan seie stopp til andre om eg ikkje likar det dei gjer (stoppregelen) - Eg kan fortelje korleis eg har det og uttrykke følelsar	- Klassereglar, reglar for leik og aktivitetar - TL
4. Eg tørr å seie i frå på vegne av andre	- Eg gir ros og kan ta i mot ros - Eg seier i frå til ein vaksen om eg eller andre blir plaga - Eg klarer å vere med i leik utan hjelp frå andre - Eg tåler at andre bestemmer over meg, men kan og vere med på å bestemme sjølv	- Klasseråd
5. Eg kan vere med på å bestemme	- Eg prøver å løse konflikter før eg ber vaksne om hjelp - Eg gir ikkje opp sjølv om eg møter motgang	

Etter 7. trinn

Mål	Kjenneteikn på måloppnåing	Aktivitet - Korleis nå måla?
1. Eg er trygg i gruppa og veit at eg er “god nok”	- Eg tør å ta ordet og tør å halda foredrag åleine eller saman med andre - Eg kan ta val og bestemma noko sjølv - Eg deltek aktivt i gruppediskusjonar - Eg tek kontakt med andre elevar på ein positiv måte, og kan spøje om andre vil vere med meg	Ha tru på at du er noko, kan noko og veit noko - Rollespel - Songar og filmar - Diskusjonstema, t.d. gruppepress og kristisk tenking
2. Eg tør å vere meg sjølv og stå for deg eg meinar	- Eg kan gi uttrykk for ulike følelsar hos meg sjølv - Eg kan stå på mine meiningar sjølv om eg er åleine om dei, eg gir ikkje etter for gruppepress. - Eg kan be om hjelp om eg treng det - Eg veit kva eg kan og kva eg må trene på - Eg veit at eg er “god nok” og betyr noko for meg sjølv og andre	- Øve på å snakka høgt og framføre - Øve på å vere deltakar i gruppearbeid, ulike roller - FOLtime med LINK til livet - Oppgåver frå “det er mitt val” - Klasseråd/elevråd

Etter 10. trinn

Mål	Kjenneteikn på måloppnåing	Aktivitet - Korleis nå målet
-----	----------------------------	------------------------------

<ul style="list-style-type: none"> - Eg er trygg i klassen - Eg tør å seie kva eg meiner - Eg tørr å vere meg sjølv 	<ul style="list-style-type: none"> - Eg tør å seie mi meining og stå for det eg meiner - Eg tør å foredrag åleine eller med andre - Eg tør å vere med på ei framsyning - Eg står på mi meining sjølv om eg er åleine, eg klarer å stå imot gruppepress - Eg tør å uttrykka ulike følelsar eg har - Eg snakkar med alle på ein positiv måte og inviterer andre til å vere med på aktivitetar og oppgåver - Eg ber andre om hjelp når eg treng det - Eg kan gjere val og bestemme noko - Eg kan vere med i ein diskusjon - Eg veit kva eg kan og kva eg bør trene på - Eg veit at eg er god nok og betyr noko for meg sjølv og andre 	<ul style="list-style-type: none"> - Få visa sin styrke innan sitt interessefelt. - Fokus på det ein kan - Klasseråd/eølevråd - Trene på å diskutere, snakke høgt, framføre - Trene på å delta i gruppearbeid, ulike roller - Ulike tema i Lions Quest. - Sokrates-seminar - Diskusjonstema - Klassekultur der det er bra å gjere feil, det lærer ein av - leiker og rollespel - Humor (ikkje ironi)
--	---	---

MAI OG JUNI: FRAMSNAKKING

Framsnakking er det motsatte av baksnakking

- Snakka positivt om noko eller nokon
- Snakka positivt om nokon som ikkje er tilstade
- Gi uttrykk for at ein set pris på nokon som har gjort eller sagt noko bra
- Glede seg over andre sin suksess

Etter 4. trinn

Mål	Kjenneteikn på måloppnåing	Aktivitet - Korleis nå målet
1. Eg er god til å framsnakke andre og skulen 2. Eg set pris på noko som andre har gjort eller sagt 3. Eg gler meg over andre sin suksess	<ul style="list-style-type: none"> - Eg snakkar fint om andre og om skulen vår, både i skuletida og heime - Eg gir ros til andre - Eg viser at eg set pris ting andre har gjort eller sagt - Eg gler meg over at andre får til ting - Eg fortel det som er dumt berre til den som bør vite det - Eg snakkar sant 	<ul style="list-style-type: none"> - Bruke sil (Sant? Godt? Nødvendig?) - Gi kompliment til bursdagsbarn i klassen - Aktiviteter i klasserommet, der elevane seier fine ting til eller om kvarandre, - Vere bevisst på å gi elevar skryt, ofte. ha fokus på det positive - Gi korreks på tomannshand - FOLtime med LINK til livet - Rollespel, songar og filmar - Brakort

Etter 10. trinn

Mål	Kjenneteikn på måloppnåing	Aktivitet - Korleis nå målet
1. Eg er god til å framsnakke	<ul style="list-style-type: none"> - Eg snakkar positivt om andre - Eg set pris på det andre gjer og 	<ul style="list-style-type: none"> - Gi kompliment til bursdagsbarn i klassen.

<p>andre</p> <p>2. Eg set pris på noko som andre har gjort eller sagt</p> <p>3. Eg gler meg over andre sin suksess</p> <p>4. Eg bidrar til godt klassemiljø</p> <p>5. Eg framsnakkar skulen</p>	<p>seier</p> <ul style="list-style-type: none"> - Eg gler meg på andre sine vegne - Eg gir personlege og ekteføyte kompliment. - Eg har fokus på andre sine positive handlingar - Eg er interessert i kva medelevar gjer og seier - Eg seier det som er dumt til dei som treng å vete det. - Eg snakkar sant - Eg skriv berre positive kommentarar om andre på nettet - Eg kan dele positive ytringar på entt og velge vekk negative innlegg 	<ul style="list-style-type: none"> - Identifisere/beskrive ulike positive eigenskapar i fellesskap. - Aktiviteter med fokus på positive kommentarer. - Rollespel, songar, filmar - Hemmeleg venn /framsnakkingsagent - Bra kort - FOLtime med LINK til livet - "Lik meg" og "Vere venner" på NRK - Bruke sil- San? Godt? Nødvendig? - Undervisning om nettvett - Jakte på positive handlingar i fellesskap og gi korreks på tomannshand - Øve på å gje og ta i mot positiv omtale - Løyse oppgåver i lag - lagarbeid- lagspel - Elev/gruppevurdering/evaluering - Eigenvurdering og elevsamtalar
---	--	--